



Error! Not  
a valid  
filename.

AUSTRHEIM KOMMUNE

## Møteprotokoll Kommunestyret

**Møtedato:** 15.09.2022

**Møtestad:** Austrheim samfunnshus

**Møtetid:** 18:00 - 21:35

Orienteringar: NGIR - ny selskapsstruktur. Bjarne V. Sæbø - Austrheim Kommunale Eigedomsselskap.

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Per Lerøy	AP	Ordførar
Ann Kristin Leirvåg	AP	Medlem
Monika Thorpe	AP	Medlem
Hardy Pedersen	AP	Medlem
Reidar Ulvøy	AP	Medlem
Inger Lise Brekke	H	Varaordførar
Morten Sognnes	H	Medlem
Aslak André Bakke	H	Medlem
Helge Dyrkolbotn	KRF	Medlem
Anne Dahle Austrheim	KRF	Medlem
Randi Keilegavlen Dyrøy	KRF	Medlem
Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn	SP	Medlem
Reidar Øksnes	SP	Medlem
Marita Terese Bru	BIA	Medlem

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti
Britt Mary Skaalevik Lerøy	AP
Lise Renate Helle	SP
Rikke Heldal Hope	H

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Rolle
Idar Johan Hopland	AP	Varamedlem
Hege Ramsland	H	Varamedlem
Gro Kaland	SP	Varamedlem

**Desse møtte frå administrasjonen:** Bjarne Ve Sæbø, Bjørnar Fjellhaug, Christopher M. Straumøy, Ketil Tjore, Odd Harald Dommersnes, Rolf-Henning Myrmel, Thomas Lindås, Trine Merete Jansen

Austrheim 16. september 2022

Per Lerøy  
ordfører

Ketil Tjore  
møtesekretær

## Sakliste

Saknr	Tittel
058/22	Godkjenning av innkalling og sakliste
059/22	Godkjenning av møteprotokoll
060/22	Meldingar
061/22	Orienteringssak
062/22	Avtale om drift av Hoplandssjøen Kai mellom Austrheim Kommune og Kailaget
063/22	Kaier og bruer i Austrheim kommune
064/22	Gangveg Åråsvågen
065/22	Medfinansiering av drift av vassområdet Nordhordland frå 2022-2027
066/22	Vassavtale med Alver kommune
067/22	Tilstandsanalyse - Nordliheimen
068/22	Høyringsvar til nasjonal helse- og samhandlingsplan
069/22	Eldremelding - del av kommunedelplan for helse og omsorg
070/22	Eigarskapsmelding 2022-2024
071/22	Garanti for lån til Austrheim Kommunale Eigedomsselskap AS

## **058/22: Godkjenning av innkalling og saksliste**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Innkalling og sakliste vert godkjent

## **15.09.2022 KOMMUNESTYRET**

Handsaming i kommunestyret:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

### **KS - 058/22 - 15.09.2022 - Vedtak:**

Innkalling og sakliste vart godkjent

---

## **059/22: Godkjenning av møteprotokoll**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

## **15.09.2022 KOMMUNESTYRET**

Jan Erik Espelid (Bygdelista) hadde spørsmål om lærlingar. Her svara økonomi- og personalsjef Odd Harald Dommersnes at det er tilsett nye lærlingar, men det samla talet er ikkje heilt klart enno sidan det ikkje er alle som har svara ja eller nei.

Handsaming i kommunestyret:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

### **KS - 059/22 - 15.09.2022 - Vedtak:**

Møteprotokoll frå forrige møte vart godkjent

---

## **060/22: Meldingar**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Meldingane vert tekne til orientering

### **15.09.2022 KOMMUNESTYRET**

Ordførar Per Lerøy (Ap) viste til arbeidet som er gjort for å flytta Bergen havn frå Dokken til Ågotnes. Det er laga eit prosjekt på rundt 2,5 milliardar kroner, men no viser det seg at oppgjeret frå Bergen kommune for Dokken ikkje er i nærleiken av å dekkja dette. Lerøy sa at det ikkje er aktuelt for eigarkommunane å gå inn med midlar for å bygga ut denne hamna med egne midlar, ein kan ikkje bygga ut noko som ikkje kan betala seg sjølv. For Austrheim sin del, med ein eigardel på 1 prosent, ville det betydd eit innskot på 25 millionar kroner.

Oppsummeringa frå eigarmøtet i Bergen Havn onsdag 14. september vert lagt ved møteboka.

Handsaming i kommunestyret:  
Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### **KS - 060/22 - 15.09.2022 - Vedtak:**

Meldingane vart tekne til orientering

---

### **061/22: Orienteringssak**

**Kommunedirektøren sitt framlegg:**

### **15.09.2022 KOMMUNESTYRET**

I starten av møtet orienterte NGIR, ved dagleg leiar Bjørn Berg og økonomidirektør Ove-Christian Fredriksen. Først ei kort orientering om situasjonen kring fakturering til privatkundar, der ein del har fått tilsendt NGIR-krava noko seint.

Det var ingen spørsmål frå kommunestyret til denne delen av orienteringa.

Deretter orienterte NGIR om framlegg til ny modell for ny selskapsstruktur. Presentasjonen ligg ved møteboka.

Det var ingen spørsmål frå kommunestyret til denne delen av orienteringa.

----

Dagleg leiar i Austrheim kommunale eigedomsselskap, Bjarne Ve Sæbø, orienterte om utviklinga i selskapet.

Det er valt styre for selskapet:  
Solveig Lerøy, styreleiar  
Bjarte Næss, nestleiar  
Ragnhild Langøy, medlem

Ole Moen, medlem  
Kurt Hauge, medlem

Kommunen har knytt til seg selskap på rammeavtale innan elektro og røyrleggar, ser på avtale for tømrararbeid. Desse kan brukast dersom det skal gjerast oppussingsarbeid på bustadene. Vil starta med ei vurdering av kva bygg som evt. må pussast opp, og om ein evt. skal bygga noko nytt. Har tomter i Kystlandsbyen som kan brukast til dette.

---

Einingsleiar teknisk drift, Rolf Henning Myrmel, orienterte om prosjektarbeid.

- Skuleprosjekta er på gang med detaljprosjektering, Kaland og Årås, ser for seg oppstart ganske raskt.
- Pumpestasjonar kloakk er under arbeid, først i Åråsveggen medan ein lengre ute i Breivika ventar på ei avklaring frå grunneigarar.
- Veglys frå kyrkja til kryss Lerøy, der jobbar kommunen med avtalar med grunneigarar.
- Gangveg mellom Nordliheimen og Seniorsenteret: Fylket vil ha detaljprosjektering, men kommunen meiner det er nok å følgja vegnormen. Ventar på svar frå fylket i denne saka, ønskjer ikkje bruka 120.000 på prosjektering av jobben.

---

Kommunalsjef Trine M. Jansen orienterte om mottak av flyktningar frå Ukraina, der det kjem seks flyktningar no dei kommande vekene, i tillegg til at det kom to flyktningar tidlegare. For dei seks som kjem, har ein knytt til seg familiar som kan vera fadderfamiliar. Har leigd to private bustader, og brukar ein kommunal.

---

Bjørnar Fjellhaug orienterte om ulike saker:

- Vestlia, her skal det nye eigedomsselskapet ta seg av utbetring av kloakkanlegg, må også ta seg av problem med maur i bygget.
- I gang med budsjettarbeidet for den neste økonomiperioden, det ser ut til å verta krevjande. Kommunedirektøren sitt framlegg til økonomi- og handlingsperioden 2023-2026 skal leggst fram i oktober.
- Kommunen skåra bra på det siste kommunebarometeret, gjekk bra opp på ulike parameter.
- Kjem i neste møte ein oversikt over ulike avvik og kva tiltak som er gjort i samband med desse. Det nye avvikssystemet fungerer bra, får innmeldt avvik og jobbar med desse. Enkelte tiltak må ein sjå i samanheng med budsjettarbeidet.
- Kim Andre Vangberg er konstituert som kommunalsjef for helse og omsorg.

---

Helge Dyrkolbotn (KrF) hadde spørsmål om rekneskapen for underavdeling kommunedirektøren. Såg at det var eit større avvik der som ikkje var med i sakspapira som var lagt fram til formannskapsmøtet, og har etterlyst svar på kva dette inneber, sant ei orientering om dette er i tråd med anbudsreglement, innkjøpsreglement og politisk reglement.

Her svara økonomi- og personalsjef Odd Harald Dommersnes, svaret ligg ved møteboka.

Aslak Bakke (H) hadde oppfølgingsspørsmål til denne opplistinga. Bakke ba om ei synleggjering av kva som ligg i dei ulike postane, som mellom anna konsulenttenester. Her svara Dommersnes at det er slik i rekneskapen at det må forast ting på "konsulenttenester" som eigentleg ikkje er det ein reknar for konsulentar. Til dømes vil innkjøp av bilde frå fotograf enda i rekneskapen som konsulenttenester.

Anne Dahle Austrheim (KrF) hadde oppfølgingsspørsmål til opplistinga. Austrheim sa at noko kan skuldast at politikarane har gjort vedtak utan å setja av midlar. Austrheim sa at ein innimellom må bruka lengre tid på gjera ting ferdig, enn å bruka konsulent, når økonomien er slik den er.

Her svara kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug at det er han som er kommunedirektør er ansvarleg for dette, og sa vidare at ein skal vera kritisk til konsulentbruk. Har ikkje vore tydelege og gode nok til å seia kvar ein skal ta midlane frå, når det vert gjort vedtak som har ein kostnad.

Ordførar Per Lerøy (Ap) viste til at det har vore kostnader mellom anna med overføringa av

eigedommar til Austrheim kommunale eigedomsselskap, kostnader som ikkje var budsjetterte.

Helge Dyrkolbotn (KrF) takka for orienteringa som vart gitt, og sa at han ser fram til å få svar på dei to siste punkta som ikkje var med i denne gjennomgangen.

Kommunedirektør Fjellhaug sa at ein no jobbar med å følgja opp at alle innkjøp er i tråd med innkjøpsavtalar.

---

Reidar Øksnes (Sp) sa at han hadde håpa på ei orientering om utgreiing av ein ny styringsmodell, slik at dette er klart i god tid før kommunevalet i 2023. Øksnes sa vidare at dette med byrået Apriil og deira kampanje Heim til Austrheim var ukjent for han, og ba om informasjon om dette.

Her svara kommunedirektør Fjellhaug at sak om ny styringsmodell kjem til neste møte i kommunestyret. Vidare sa Fjellhaug at det er orientert munnleg om arbeid med byrået Apriil, men at dette nok ikkje har vore oppe som eiga sak.

---

Reidar Ulvøy (Ap) etterlyste at ein har kontroll på kostnader i samband med prosjektet for skulane. Her svara einingsleiar teknisk drift, Rolf Henning Myrmel, at Stian Marøy er inne på prosjektleiing, og at ein i tillegg ventar på tilsetting av ny einingsleiar teknisk drift, slik at Myrmel sjølv kan gå over i den planlagde stillinga hans med prosjektleiing.

Ordfører Per Lerøy (Ap) la til at det er bestilt frå formannskapet faste orienteringar om framdrift og kostnader på skuleprosjekta.

Handsaming i kommunestyret:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

#### **KS - 061/22 - 15.09.2022 - Vedtak:**

Orienteringane vart teke til vitande.

---

#### **062/22: Avtale om drift av Hoplandssjøen Kai mellom Austrheim Kommune og Kailaget**

##### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Kommunestyret godkjenner at det inngåast avtale om drift av Hoplandssjøen kai som framlagt.

#### **15.09.2022 KOMMUNESTYRET**

Sakshandsamar Christopher Straumøy orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Anne Dahle Austrheim (KrF) spurte om det ligg forsikring av kaien per i dag, slik det er nemnt i saka, og om dette er noko som gjeld andre kaiar. Her svara Straumøy at ein i avtalen forpliktar seg til å forsikra i framtida, og einingsleiar teknisk drift Rolf Henning Myrmel stadfesta at forsikringar er på plass, som del av kommunen si ansvarsforsikring.

Handsaming i kommunestyret:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

## **KS - 062/22 - 15.09.2022 - Vedtak:**

Kommunestyret godkjenner at det inngåast avtale om drift av Hoplandssjøen kai som framlagt.

---

### **063/22: Kaier og bruer i Austrheim kommune**

#### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

1. Vedlikehald av bruene, Njøta og Krossøy, vert prioritert og finansiert ved auka låneopptak på inntil kr 700 000,-
2. Det vert gjennomført utvida inspeksjon av kaiane. Finansiering vert dekkja innanfor eksisterande ramme.
3. Kommunedirektøren får fullmakt til å stengje kaiar som ikkje er forsvarleg sikra.
4. Kommunedirektøren kjem attende med kostnadsoversikt over kaiane og prioritering av tiltak. Det skal også leggjast fram oversikt over kaiar som kan avhendast. Midlar ved avhending kan finansiere vedlikehald/oppgradering av eksisterande kaiar.
5. Tryggleikstiltak for kaiane på kr 400 000,- vert innarbeidd i budsjett for 2023.

Det vert utarbeida reglar for drift av molokaien på Fønnes slik at kommunen kan ta inn avgift for bruk av denne frå 1.1.2023 etter mal av den driftsmodellen ein har for kaien på Hopland.

#### **01.09.2022 FORMANNSKAPET**

Einingsleiar teknisk drift, Rolf Henning Myrmel, orienterte om saka jamfør saksutgreiinga. Det er ein del manglar ulike stader, som manglande sperre for kjøretøy mot kaikant (jernbanesviller), og stige frå sjø. Har ikkje sett på om kaiane er svekka, her ser Myrmel for seg at ein kan ta fram saka frå 2012 med tanke på kva kommunen skal eiga og kva kaiar ein skal avhenda. Er store kostnader ved ein del kaiar. Dei som er vurdert som svekka må stengast til ein får vurdert dette med bereevne betre. Alle kommunale kaiar må ein vurdera, og må også ta fatt i dei fylkeskommunale kaiane der kommunen har ansvar. Kva som er viktig med tanke på beredskap er også noko som må vurderast. Myrmel signaliserte at det er for mange kommunale kaiar i dag, som ein ikkje vedlikeheld.

Myrmel sa om Njøtebrua at rekkverket berre er eit nettinggjerdje og det må ordnast straks, slik at kommunen ikkje risikerer å komma i eit erstatningsansvar.

Inger Lise Brekke (H) spurte om korleis det vert ved avhending, og om kommunen kan gjera dette utan oppgradering først. Myrmel svara at det er naturleg å spørja grunneigar dei plassane der ein må gjennom tun for å komma til desse kaiane. Andre stader er det naturleg å ta det med lokale bygdelag, det har ein alt på plass enkelte stader slik at det er ein bygdekai som er offentleg tilgjengeleg.

Morten Sognes (H) viste til at det fungerer bra med kaien som bygda har på Fønnes, men den kommunale vegen ned dit er nedkjørt og treng grus/asfalt. Her sa ordførar Per Lerøy (Ap) at det har komme innspel på asphalt på grunn av bular som tek nedi når dei skal ned på kaien.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at det er mange kaiar som er tilgjengelege i dag, og det kan gjera kommunen mindre attraktiv om mange av desse vert stengde eller selde til private. Til dette kommenterte Rolf Henning Myrmel at det er kommunen sitt ansvar som er viktig, kanskje kan kaien stengast for bilar men vera open for ta med campingstolen. Ein av dei kaiane som er viktige for kommunen er kaien i Mastrevik, som vert brukt av elevskyss, der er det tilråding om meir nøye kontroll.

Ordførar Per Lerøy (Ap) viste til arbeidet med interkommunal plan for sjøareal, her må ein ta med seg at kaiar i Austrheim er mykje brukt av også fiskarar, som treng kaiar i samband med utøving av yrket

sitt. Men kommunen kan kvitta seg med kaiar der ein ikkje kan bruka pengar på vedlikehald.  
Handsaming i formannskapet:  
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

### **FS - 074/22 - 01.09.2022 - Vedtak:**

1. Vedlikehald av bruene, Njøta og Krossøy, vert prioritert og finansiert ved auka låneopptak på inntil kr 700 000,-
2. Det vert gjennomført utvida inspeksjon av kaiane. Finansiering vert dekkja innanfor eksisterande ramme.
3. Kommunedirektøren får fullmakt til å stengje kaiar som ikkje er forsvarleg sikra.
4. Kommunedirektøren kjem attende med kostnadsoversikt over kaiane og prioritering av tiltak. Det skal også leggjast fram oversikt over kaiar som kan avhendast. Midlar ved avhending kan finansiere vedlikehald/oppgradering av eksisterande kaiar.
5. Tryggleikstiltak for kaiane på kr 400 000,- vert innarbeidd i budsjett for 2023.

### **15.09.2022 KOMMUNESTYRET**

Tillegg, punkt 6 foreslått av: Per Lerøy

Det vert utarbeida reglar for drift av molokaiene på Fønnes slik at kommunen kan ta inn avgift for bruk av denne frå 1.1.2023 etter mal av den driftsmodellen ein har for kaien på Hopland.

Einingsleiar teknisk drift Rolf Henning Myrmel orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga. Det er eit vedlikehaldsetterslep på desse, i tillegg har kommunen overtatt ansvaret for kaiar med overføring av fylkeskommunale kaiar. For bru ved kai Njøten er det manglar på rekkverk, dette må utbetrast. Må gjerast ei prioritering der kommunen held på dei kaiar som er viktige for næring og beredskap, og sel resten.

Kommunen har ansvar for det som måtte skje ved kaiar som kommunen eig. Har hatt kontroll av ein del kommunale bruer, ser at det må gjerast ein tilsvarende grundig kontroll også av kommunale kaiar.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at kommunen har mange kaiar, og kommunikasjonane har endra seg mykje. Samstundes har det med kommunen sin attraktivitet å gjera, at det er mogleg å komma til ved kommunale kaiar med båt eller kajakk, og slik vera ein attraktiv sjøkommune vidare. Kan ikkje stenga alle kaiar som er farlege eller der det er kostnader.

Ordførar Per Lerøy (Ap) viste til at kaiane vert profilerte på Redningsselskapet si side velihavn.no.

Reidar Ulvøy (Ap) sa at det må undersøkast om ein kan driva kommunale kaiar andre stader på same måte som dei no skal gjera for kaien på Hopland, jamfør den nye avtalen der i sak 062/22. Her svara ordførar Per Lerøy (Ap) at det er spesielt på Hopland sidan kommunen eig ein tredel og private resten av kaien. Men kan sjå på dette med støtte også for andre kaiar, det har skjedd på Solen, dette kjem administrasjonen tilbake til i samband med ei ny sak der nokre kaiar kan vera aktuelle for eit delt eigarskap med bygdelag eller andre. Får mykje att for kronene ved å støtta private.

Reidar Øksnes (Sp) sa at det er kjent at det er stort press om å få lagt ut flytebrygger, må ta med seg om det kan vera mogleg å legga nye flytebrygger i tilknytning til eksisterande kaiar, for å unngå motsegner frå Statsforvaltaren.

Per Lerøy (Ap) viste til at ein kai og kaiskur i Øksnes er lånt ut til båtlag fram til 2035 mot vedlikehald.

Per Lerøy (Ap) la fram framlegg til nytt punkt 6 i vedtaket, for å kunna ta avgift for bruken av



molokaien på Fønnes: "Det vert utarbeida reglar for drift av molokaien på Fønnes slik at kommunen kan ta inn avgift for bruk av denne frå 1.1.2023 etter mal av den driftsmodellen ein har for kaien på Hopland."

Her sa einingsleiar teknisk drift Rolf Henning Myrmel at ein er i kontakt med Bergen Havn, som kan ta seg av drifta og innkrevjinga.

Morten Sognnes (H) viste til vegen til den kommunale kaien på Ervikane, der det trengst utbetring, bubilar tar nedi vegen her. Ordførar Per Lerøy kommenterte at dette må ein ta med i planar om asfaltering i 2023.

Handsaming i kommunestyret:

Kommunedirektøren sitt framlegg vert samrøystes vedteke, med eit nytt punkt 6.

#### **KS - 063/22 - 15.09.2022 - Vedtak:**

1. Vedlikehald av bruene, Njøta og Krossøy, vert prioritert og finansiert ved auka låneopptak på inntil kr 700 000,-
2. Det vert gjennomført utvida inspeksjon av kaiane. Finansiering vert dekkja innanfor eksisterande ramme.
3. Kommunedirektøren får fullmakt til å stengje kaiar som ikkje er forsvarleg sikra.
4. Kommunedirektøren kjem attende med kostnadsoversikt over kaiane og prioritering av tiltak. Det skal også leggjast fram oversikt over kaiar som kan avhendast. Midlar ved avhending kan finansiere vedlikehald/oppgradering av eksisterande kaiar.
5. Tryggleikstiltak for kaiane på kr 400 000,- vert innarbeidd i budsjett for 2023. Det vert utarbeida reglar for drift av molokaien på Fønnes slik at kommunen kan ta inn avgift for bruk av denne frå 1.1.2023 etter mal av den driftsmodellen ein har for kaien på Hopland.
6. Det vert utarbeida reglar for drift av molokaien på Fønnes slik at kommunen kan ta inn avgift for bruk av denne frå 1.1.2023 etter mal av den driftsmodellen ein har for kaien på Hopland.

---

#### **064/22: Gangveg Åråsvågen**

##### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Finansiering av universell gang og sykkelveg med veglys frå Åråsvågen til Åråsfeltet del 1 vert bygd med tilskott på kr 1 mill frå Vestland fylke og ved låneopptak på kr 2.9 mill. Låneopptak må ein ta i samband med neste tertialjustering.

#### **15.09.2022 KOMMUNESTYRET**

Einingsleiar teknisk drift Rolf Henning Myrmel orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Fylket er villige til å la kommunen behalda allereie tildelte midlar, og opnar for at ein kan søka om meir til ein del 2 av arbeidet. Myrmel presiserte at det per no er tale om eit kostnadsoverslag, og at ein ikkje ser dei endelege prisane før tilboda har komme inn.

Ordførar Per Lerøy (Ap) viste til at fylket har vore på synfaring, og der stilt seg positive til å gje midlar til del to, men ein bør komma i gang med eksisterande prosjekt for å visa at ein kan komma i gang.

Lerøy og Myrmel viste til at det også er mogleg å få løyst ut nye tomter i dette arealet, mellom vegen i

Åråsfeltet og Åråsvågen.

Myrmel viste vidare til at arbeidet vil gje dobbel vassforsyning fram til høgdebassenget, som er noko som er etterlyst i fleire år.

Anne Dahle Austrheim (KrF) sa at det vert bra å få denne vegen ferdig. Slik den er no, er det farleg på vinterstid. Bør også få på plass veglys, slik at dette vert ein trygg veg. Her viste Myrmel til at kablar og tilrettelegging ligg i del 1 av prosjektet, medan montering ligg i del 2.

Til vedtaksteksten presiserte Myrmel at 7.-800.000 av investeringa kan leggest på VA.

Handsaming i kommunestyret:  
Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

#### **KS - 064/22 - 15.09.2022 - Vedtak:**

Finansiering av universell gang og sykkelveg med veglys frå Åråsvågen til Åråsfeltet del 1 vert bygd med tilskott på kr 1 mill frå Vestland fylke og ved låneopptak på kr 2.9 mill. Låneopptak må ein ta i samband med neste tertialjustering.

---

#### **065/22: Medfinansiering av drift av vassområdet Nordhordland frå 2022-2027**

##### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Austrheim kommune si medfinansiering av drift av vassområdet Nordhordland vert kr 39.478 pr år frå 2022-2027. Midlane til dette arbeidet kan takast frå disposisjonsfondet. Prosjektplan for vassområde Nordhordland 2022-2027, datert mai 2022 vert teke til orientering.

#### **15.09.2022 KOMMUNESTYRET**

Sakshandsamar Christopher Straumøy orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga. Ordførar Per Lerøy (Ap) viste til at det har vore diskusjonar rundt fordelingsmodellen for kostnadene, og ein ser at det ikkje er rimelegare måtar å løysa dette på.

Handsaming i kommunestyret:  
Kommunedirektøren sitt framlegg vert samrøystes vedteke

#### **KS - 065/22 - 15.09.2022 - Vedtak:**

Austrheim kommune si medfinansiering av drift av vassområdet Nordhordland vert kr 39.478 pr år frå 2022-2027. Midlane til dette arbeidet kan takast frå disposisjonsfondet. Prosjektplan for vassområde Nordhordland 2022-2027, datert mai 2022 vert teke til orientering.

---

#### **066/22: Vassavtale med Alver kommune**

##### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Kommunestyret i Austrheim sluttar seg til avtale om vass- og reservevassforsyning mellom Alver og

Austrheim kommune datert 19.08.2022.

### **15.09.2022 KOMMUNESTYRET**

Einingsleiar teknisk drift Rolf Henning Myrmel orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga. Myrmel sa at ein ikkje ser andre løysingar for å sikra reservevassforsyninga, enn å kjøpa vatn frå Alver.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa at avtalen vil gå til vedtak i Alver med denne ordlyden.

Gro Kaland (Sp) spurte kva det vil innebera for abonnentane, vert det meir å betala for vatnet, vert det ei vesentleg endring på dette?

Ordførar Per Lerøy (Ap) viste til at det er basert på sjølvkost, slik at Alver ikkje skal tena på dette.

Einingsleiar Myrmel stadfesta at prisen på vatn vil gå opp no med den nye avtalen. Den eksisterande avtalen kunne ha vart i to-tre år til før ein no går inn med ny avtale. Samstundes får ein på plass reservevatn, som også vil gje kostnadsauke. Men ville fått kostnadsauke også med eige reservevassanlegg.

Gro Kaland (Sp) spurte om det er mogleg å gje eit tal for den enkelte abonnenten kva dette vil bety i auka kostnad, Myrmel svarta at det kjem fram i samband med budsjettet for 2023.

Handsaming i kommunestyret:

Kommunedirektøren sitt framlegg vert samrøystes vedteke

### **KS - 066/22 - 15.09.2022 - Vedtak:**

Kommunestyret i Austrheim sluttar seg til avtale om vass- og reservevassforsyning mellom Alver og Austrheim kommune datert 19.08.2022.

-----

### **067/22: Tilstandsanalyse - Nordliheimen**

#### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

1. Kommunedirektøren startar planarbeid med bygging av nytt helsetun og etterbruk av Nordliheimen.
2. Kommunedirektøren legg nytt helsetun inn i handlings- og økonomiplanen for 2023-2026. Ein må sjå på ulike finansieringsmodellar og koma attende med dette i planperioden.
3. Kommunedirektøren utbetrar naudsynte strakstiltak ved Nordliheimen sjukeheim innanfor egne rammar.

Austrheim Kommunestyre vedtek at det vert det vert oppnemd eit mellombels utval som saman med administrasjonen utarbeider eit forslag om framtidig helse/omsorgstun og framtidig bruk av Nordliheimen og området rundt.

Det utarbeides mandat for utvalet med formannskapet som styringskomité.

1. Kommunedirektøren startar planarbeid med bygging av nytt helsetun og etterbruk av Nordliheimen.
2. Det vert sett ned eit mellombels utval og kommunedirektøren kjem attende med framlegg til organisering av det vidare arbeidet med planlegging av nytt helsetun og

- etterbruk av dagens Nordliheim.
3. Kommunedirektøren legg nytt helsetun inn i handlings- og økonomiplanen for 2023-2026. Ein må sjå på ulike finansieringsmodellar og koma attende med dette i planperioden.
  4. Kommunedirektøren utbetrar naudsynte strakstiltak ved Nordliheimen sjukeheim innanfor egne rammar.

### 15.09.2022 KOMMUNESTYRET

Framlegg frå Austrheim Senterparti i sak 067/22 foreslått av: Reidar Øksnes

Austrheim Kommunestyre vedtek at det vert det vert oppnemnd eit mellombels utval som saman med administrasjonen utarbeider eit forslag om framtidig helse/omsorgstun og framtidig bruk av Nordliheimen og området rundt.

Det utarbeides mandat for utvalet med formannskapet som styringskomité.

Fellesframlegg foreslått av: Helge Dyrkolbotn

1. Kommunedirektøren startar planarbeid med bygging av nytt helsetun og etterbruk av Nordliheimen.
2. Det vert sett ned eit mellombels utval og kommunedirektøren kjem attende med framlegg til organisering av det vidare arbeidet med planlegging av nytt helsetun og etterbruk av dagens Nordliheim.
3. Kommunedirektøren legg nytt helsetun inn i handlings- og økonomiplanen for 2023-2026. Ein må sjå på ulike finansieringsmodellar og koma attende med dette i planperioden.
4. Kommunedirektøren utbetrar naudsynte strakstiltak ved Nordliheimen sjukeheim innanfor egne rammar.

Konstituert kommunalsjef for helse og omsorg, Kim André Vangberg, orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

- Må i gang med utbetring av varmeanlegg som er defekt.
- Må vurdere kapasiteten, har i dag 28 plassar i drift men det er mogleg med 33 plassar.
- Ser at demografien kan gje behov for fleire plassar.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug viste til at dagens bygg er eldre, og at det kan kosta opp mot eller over 100 millionar kroner å få bygget opp på dagens standard. Vil vera betre å bygga nytt, for å stetta dagens krav. Ønskjer mandat til å sjå på moglegheiter for eit nytt helsetun, der ein også ser på om dagens bygg kan brukast av andre kommunale tenester, anten det er arbeidssenteret, fysioterapi eller anna. Ser for at seg at ein tidlegast kan byrja å bygga i 2026, det gjev tid til å gjera eit godt forarbeid. Lokalisering kan ein ta i samband med forarbeidet. Kostnaden til arbeidet skal ein dekkja innanfor dagens rammer.

Monika Thorpe (Ap) sa at det ikkje var overraskande med dei konklusjonar som ligg i rapporten, og er glad for at ein skal bygga helsetun heller enn å flikka på dagens Nordliheimen. Thorpe spurte om kva strakstiltak ein kan gjera for å halda betre på varmen i daglegstova, som er kald i dag mellom anna på grunn av punkterte glas, og som vert varma med oljeomnar/varmeomnar. Vidare er det sagt at ein kan ta i bruk lokala som fysioterapeuten brukte i kjellaren på Nordliheimen, men ser ikkje at budsjettet som er sett av til arbeidet strekk heilt til for det arbeidet som skal gjerast.

Her svara kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug at prioriteringar er avhengige av om det skal satsast på rehabilitering av dagens bygg eller nybygg, sidan ein må sjå på kor lenge noko skal brukast. Må sjå på tiltak som er mellombels for å vera godt nok per no, og kva som skal venta til ein eventuelt bygger

nytt helsetun.

Einingsleiar teknisk drift, Rolf Henning Myrmel, sa at det vert jobba med å få oppvarming mest mogleg inn på vassboren varme, men noko er så kostbart at det vil vera betre å montera nokre varmpumper. Noko av det eksisterande røyriettet for vassboren varme er tæra opp. Men det som er støypt ned i golv vil ein ikkje hogga opp, men heller bruka varmpumper. Når det gjeld kontorlokale i kjellaren på Nordliheimen må ein sjå på kva som kan gjerast for å få det tilfredsstillande, avhengig av om det skal vera mellombels eller varig.

Reidar Øksnes (Sp) sa at det burde vore delt mellom kva som skal gjerast på kort sikt, og kva som skal gjerast på lengre sikt. På kort sikt må ein sjå på kva som må leggest til rette no, opp mot kva som skal gjerast på sikt. Øksnes hadde eige framlegg i denne saka: «Austrheim Kommunestyre vedtek at det vert det vert oppnemnd eit mellombels utval som saman med administrasjonen utarbeider eit forslag om framtidig helse/omsorgstun og framtidig bruk av Nordliheimen og området rundt. Det utarbeides mandat for utvalet med formannskapet som styringskomité.»

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa at ein etter denne avklaringa vil komma tilbake med ei sak om kva som skal gjerast på kort sikt for å sikra HMS. Om framlegget sa Fjellhaug vidare at det no ikkje er høve å blanda politisk og administrasjon i eit slikt utval, må vera eit reint politisk utval.

Inger Lise Brekke (H) at ein må sjå på kva som er aktuelt med nye tilbod ved eit helsetun, som demenstilbod. Breklem sa vidare at det er veldig viktig å involvera politikarane i arbeidet. Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa at det er OK med eit mellombels politisk utval, og at administrasjonen skal bistå inn med opplysningar. Kan komma tilbake med ei sak om oppretting av eit slikt utval, som skal sjå på plassering og innhald i eit slikt helsetun.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at han støtta Øksnes langt i den vegen han tenker på, og sa vidare at det gjerne kan komma ei politisk sak om dette. Må dra inn mange i dette arbeidet som høyringsinstansar, både RMNF, ungdoms- og eldreråd vil ha tankar om dette, med fleire. Dyrkolbotn la til at det burde vore to saker, sidan den eine er tilsynsrapport og den andre er sak med etablering av eit breitt utval og med formannskapet som styringsorgan. Dyrkolbotn sa at tittelen på saka ikkje var dekkande, sidan dette er tankar om nytt helsetun.

Per Lerøy (Ap) sa at han synest sakstittelen om tilstandsanalyse er passande for saka. Lerøy sa vidare at det gjerne kan settast ned eit utval, men viktigare enn politikarar må ein trekka inn dei som bur der, pårørande og dei tilsette innan alle greiner. Viktig at det som vert bygd er funksjonelt, slik at ein sikrar at den som startar som 16 år gammal TAF-lærling kan jobba der fram til vedkommande er 70 år, og med liv og helse i behald. Lerøy ba om at ein vedtar dette no.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa at det handlar om å få klarsignal for å dra i gang dette arbeidet, då vil ein starta arbeidet og komma tilbake med det som vert omfatta av vedtaksframlegget til Reidar Øksnes (Sp). Startar arbeidet når kommunestyret først har gitt råd om å bygga nytt.

Per Lerøy (Ap) sa at ein må sjå etter kva som er den mest optimale plassen å bygga på, uavhengig av om dette er ei kommunal eller privat tomt. Dagens bygg kan ein bruka til mykje, både arbeidssenter, fysioterapi, dagsenter for demente, og omsorgsbustader.

Lerøy (Ap) spurte om Øksnes held oppe framlegget sitt eller om han er nøgd med å venta. Her svara Øksnes at ein må gjera det som er naudsynt for å halda drifta oppe på kort sikt, men opprettheld sitt framlegg.

Pause med gruppemøte.

Helge Dyrkolbotn viste til nytt framlegg til eit punkt 2, slik at det no vert fire punkt i vedtaket: «Det vert sett ned eit mellombels utval og kommunedirektøren kjem attende med framlegg til organisering

av det vidare arbeidet med planlegging av nytt helsetun og etterbruk av dagens Nordliheim»

Handsaming i kommunestyret:

Kommunedirektøren sitt framlegg vert samrøystes vedteke, med eit nytt punkt 2 som lagt fram av Helge Dyrkolbotn. Dette inneber at frå kommunedirektøren vert punkt 2 til 3, og punkt 3 vert 4.

#### **KS - 067/22 - 15.09.2022 - Vedtak:**

1. Kommunedirektøren startar planarbeid med bygging av nytt helsetun og etterbruk av Nordliheimen.
2. Det vert sett ned eit mellombels utval og kommunedirektøren kjem attende med framlegg til organisering av det vidare arbeidet med planlegging av nytt helsetun og etterbruk av dagens Nordliheim.
3. Kommunedirektøren legg nytt helsetun inn i handlings- og økonomiplanen for 2023-2026. Ein må sjå på ulike finansieringsmodellar og koma attende med dette i planperioden.
4. Kommunedirektøren utbetrar naudsynte strakstiltak ved Nordliheimen sjukeheim innanfor eigne rammar.

---

#### **068/22: Høyringsvar til nasjonal helse- og samhandlingsplan**

##### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

###### **Austrheim kommune gjev følgjande høyringsvar:**

Austrheim kommune er takksam for at statsråd Ingvild Kjerkol sendar ut invitasjon til å gje skriftlege innspel til meldingsarbeidet på nasjonal helse- og samhandlingsplan.

Austrheim kommune er ein distriktskommune i Nordhordland i Vestland fylke, med ca. 2889 (2022) innbyggere.

Vi lever i eit av verdas beste land, og dei aller fleste barn, unge og vaksne i Noreg har gode levevilkår. Samstundes er ein uroa for at dei barn og unge som ikkje har det bra og ikkje har gode levevilkår er aukande. Folkehelseprofilen i Austrheim kommune ser ein til dømes at ein del av ungdomskuleelevane har mange psykiske plagar er høgare enn landsnivået. Det er særskilt samhandling mellom ulike fagprofesjonar/instansar som må sjåast nærare når det gjeld denne type utfordringar. Fafo-rapporten publisert i 2020, «Trøbbel i grenseflatene – samordne innsats for utsette barn og unge», visar det at vi gliper på oppfølging i tilfeller der den enkelte utfordring er meir samansett. Manglande samhandling om oppfølging av utsette barn og unge er eit samfunnsproblem som bør trekkast fram spesielt, der manglande samhandling og samarbeid mellom tenester har ført til at barn og unge ikkje har fått den oppfølginga dei har hatt behov for.

Den sektorielle velferdsstaten skapar utfordringar når det gjeld samarbeid på tvers av sektorar, men også utfordringar mellom første og andre linjetenester. Den høgt spesialiserte og "siloorganiserte" inndelinga skapa vanskar for å operere på tvers, da kvar sektor har sine klart definerte ansvarsområde, oppgåver, økonomi og ressursar, og ikkje minst eigne mål og resultatstyring innanfor sin sektor.

Konkrete innspel innan helse- og omsorgstenester frå Austrheim kommune handlar om tre hovudpunkt:

1. Førebyggjande arbeid.

2. Sikra gode pasientforløp der samhandling rundt den einkilde vert sterkare og tettare.
3. Demens tilbod lokalt

### **Førebyggande arbeid**

Det vil verta viktig at kommunane har ressursar til førebyggande arbeid, og at man har omstillingsmidlar til å sikra gode tiltak på lågare nivå i omsorgstrappa. Til dømes heimebesøk. Med heimebesøk meina vi å komme tidleg nok i kontakt med innbyggjarane for å førebygge i eigen heim, der ein kan sikre at brukar tar meir ansvar sjølv for å kunne bu trygt, lengst mogleg heime. Innbyggjarane må verta meir «rusta» for å unngå funksjonsfall lengst mogleg og for betre livskvalitet når dei vert eldre. Eit anna eksempel er støtte til pårørande som står i tunge omsorgsoppgåver, komme tidleg nok inn og avlaste, sikre hjelpemidlar og velferdsteknologi. Styrke kommunane i dette arbeidet slik at det vert mogleg å prioritera dette arbeidet.

### **Sikre gode pasientforløp der samhandling rundt den einkilde vert sterkare og tettare:**

Det vil verta viktig med møteplassar tverrfagleg, mellom helseføretak og kommunar, ikkje tilfeldigheiter. Det bør byggjast eigne samarbeidsarena som har særdeles fokus på innovasjon innan teknologi og samhandlingsforløp. Det bør verta gitt eigne midlar til dette.

KS sitt arbeid med Gode pasientforløp er døme på eit kvalitetsforbetnings arbeid. Her under tema som pasientsikkerheit, velferdsteknologi, ABC demens, ressursjukepleiarnettverk, demenskoordinator, kreftkoordinator og fysioterapi og ergoterapitenester. Dette må styrkast og arbeidast vidare med.

### **Demens tilbod lokalt**

Om lag 101 000 personar lever med demens i Noreg i dag. Det forventast ein dobling innan år 2050 ( Folkehelseprofilen frå FHI). Her er det viktig å sjå vidare på meir avlastningstilbod, sjå på aktivitetstilbod og styrke kommunane i tilrettelegging for dagtilbod der ektefelle kan stå i arbeid. Tilbod som gjev brukar meistring og livskvalitet, og ikkje oppbevaring. Til dette arbeidet må ein sjå på eigne midlar for å styrka dette arbeidet. Til dømes prosjektmidlar til å skapa tverrfaglege team i kommunane, og mellom kommunane og helseføretaka. Det bør og leggjast til rette for fleire ambulante team knytt til demens. Der dei kjem ut til kommunane i ei kartleggingsfase.

## **01.09.2022 FORMANNSKAPET**

Konstituert kommunalsjef Kim Andre Vangberg orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Framlegget til høyringssvar skal språkvaskast før det vert levert.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

### **FS - 083/22 - 01.09.2022 - Vedtak:**

#### **Austrheim kommune gjev følgjande høyringssvar:**

Austrheim kommune er takksam for at statsråd Ingvild Kjerkol sendar ut invitasjon til å gje skriftlege innspel til meldingsarbeidet på nasjonal helse- og samhandlingsplan.

Austrheim kommune er ein distriktskommune i Nordhordland i Vestland fylke, med ca. 2889 (2022) innbyggere.

Vi lever i eit av verdas beste land, og dei aller fleste barn, unge og vaksne i Noreg har gode levevilkår. Samstundes er ein uroa for at dei barn og unge som ikkje har det bra og ikkje har gode levevilkår er aukande. Folkehelseprofilen i Austrheim kommune ser ein til dømes at ein del av ungdomskuleelevene har mange psykiske plagar er høgare enn landsnivået. Det er særskilt samhandling mellom ulike fagprofesjonar/instansar som må sjåast nærare når det gjeld denne type utfordringar. Fafo-rapporten publisert i 2020, «Trøbbel i grenseflatene – samordne innsats for utsette barn og unge», visar det at vi gliper på oppfølging i tilfeller der den enkelte utfordring er meir samansett. Manglande samhandling om oppfølging av utsette barn og unge er eit samfunnsproblem som bør trekkast fram spesielt, der manglande samhandling og samarbeid mellom tenester har ført til at barn og unge ikkje har fått den oppfølginga dei har hatt behov for.

Den sektorielle velferdsstaten skapar utfordringar når det gjeld samarbeid på tvers av sektorar, men også utfordringar mellom første og andre linjetenester. Den høgt spesialiserte og “siloorganiserte” inndelinga skapa vanskar for å operere på tvers, da kvar sektor har sine klart definerte ansvarsområde, oppgåver, økonomi og ressursar, og ikkje minst eigne mål og resultatstyring innanfor sin sektor.

Konkrete innspel innan helse- og omsorgstenester frå Austrheim kommune handlar om tre hovudpunkt:

1. Førebyggjande arbeid.
2. Sikra gode pasientforløp der samhandling rundt den einskilde vert sterkare og tettare.
3. Demens tilbod lokalt

### **Førebyggjande arbeid**

Det vil verta viktig at kommunane har ressursar til førebyggjande arbeid, og at man har omstillingsmidlar til å sikra gode tiltak på lågare nivå i omsorgstrappa. Til dømes heimebesøk. Med heimebesøk meina vi å komme tidleg nok i kontakt med innbyggjarane for å førebygge i eigen heim, der ein kan sikre at brukar tar meir ansvar sjølv for å kunne bu trygt, lengst mogleg heime. Innbyggjarane må verta meir «rusta» for å unngå funksjonsfall lengst mogleg og for betre livskvalitet når dei vert eldre. Eit anna eksempel er støtte til pårørande som står i tunge omsorgsoppgåver, komme tidleg nok inn og avlaste, sikre hjelpemidlar og velferdsteknologi. Styrke kommunane i dette arbeidet slik at det vert mogleg å prioritera dette arbeidet.

### **Sikre gode pasientforløp der samhandling rundt den einskilde vert sterkare og tettare:**

Det vil verta viktig med møteplassar tverrfagleg, mellom helseføretak og kommunar, ikkje tilfeldigheiter. Det bør byggjast eigne samarbeidsarena som har særdeles fokus på innovasjon innan teknologi og samhandlingsforløp. Det bør verta gitt eigne midlar til dette.

KS sitt arbeid med Gode pasientforløp er døme på eit kvalitetsforbetnings arbeid. Her under tema som pasientsikkerheit, velferdsteknologi, ABC demens, ressursjukepleiarnettverk, demenskoordinator, kreftkoordinator og fysioterapi og ergoterapitenester. Dette må styrkast og arbeidast vidare med.

### **Demens tilbod lokalt**

Om lag 101 000 personar lever med demens i Noreg i dag. Det forventast ein dobling innan år 2050 ( Folkehelseprofilen frå FHI). Her er det viktig å sjå vidare på meir avlastningstilbod, sjå på aktivitetstilbod og styrke kommunane i tilrettelegging for dagtilbod der ektefelle kan stå i arbeid. Tilbod som gjev brukar meistring og livskvalitet, og ikkje oppbevaring. Til dette arbeidet må ein sjå på



eigne midlar for å styrka dette arbeidet. Til dømes prosjektmidlar til å skapa tverrfaglege team i kommunane, og mellom kommunane og helseføretaka. Det bør og leggast til rette for fleire ambulante team knytt til demens. Der dei kjem ut til kommunane i ei kartleggingsfase.

## **15.09.2022 KOMMUNESTYRET**

Konstituert kommunalsjef for helse og omsorg, Kim André Vangberg, orienterte om saka jamfør saksutgreiinga. Vangberg sa at det vert noko språkvask før innsending.

Handsaming i kommunestyret:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

### **KS - 068/22 - 15.09.2022 - Vedtak:**

#### **Austrheim kommune gjev følgjande høyringssvar:**

Austrheim kommune er takksam for at statsråd Ingvild Kjerkol sendar ut invitasjon til å gje skriftlege innspel til meldingsarbeidet på nasjonal helse- og samhandlingsplan.

Austrheim kommune er ein distriktskommune i Nordhordland i Vestland fylke, med ca. 2889 (2022) innbyggere.

Vi lever i eit av verdas beste land, og dei aller fleste barn, unge og vaksne i Noreg har gode levevilkår. Samstundes er ein uroa for at dei barn og unge som ikkje har det bra og ikkje har gode levevilkår er aukande. Folkehelseprofilen i Austrheim kommune ser ein til dømes at ein del av ungdomskuleelevene har mange psykiske plagar er høgare enn landsnivået. Det er særskilt samhandling mellom ulike fagprofesjonar/instansar som må sjåast nærare når det gjeld denne type utfordringar. Fafo-rapporten publisert i 2020, «Trøbbel i grenseflatene – samordne innsats for utsette barn og unge», visar det at vi gliper på oppfølging i tilfeller der den enkelte utfordring er meir samansett. Manglande samhandling om oppfølging av utsette barn og unge er eit samfunnsproblem som bør trekkast fram spesielt, der manglande samhandling og samarbeid mellom tenester har ført til at barn og unge ikkje har fått den oppfølginga dei har hatt behov for.

Den sektorielle velferdsstaten skapar utfordringar når det gjeld samarbeid på tvers av sektorar, men også utfordringar mellom første og andre linjetenester. Den høgt spesialiserte og “siloorganiserte” inndelinga skapa vanskar for å operere på tvers, da kvar sektor har sine klart definerte ansvarsområde, oppgåver, økonomi og ressursar, og ikkje minst eigne mål og resultatstyring innanfor sin sektor.

Konkrete innspel innan helse- og omsorgstenester frå Austrheim kommune handlar om tre hovudpunkt:

1. Førebyggjande arbeid.
2. Sikra gode pasientforløp der samhandling rundt den einskilde vert sterkare og tettare.
3. Demens tilbod lokalt

#### **Førebyggjande arbeid**

Det vil verta viktig at kommunane har ressursar til førebyggjande arbeid, og at man har omstillingsmidlar til å sikra gode tiltak på lågare nivå i omsorgstrappa. Til dømes heimebesøk. Med heimebesøk meina vi å komme tidleg nok i kontakt med innbyggjarane for å førebygge i eigen heim, der ein kan sikre at brukar tar meir ansvar sjølv for å kunne bu trygt, lengst mogleg heime. Innbyggjarane må verta meir «rusta» for å unngå funksjonsfall lengst mogleg og for betre livskvalitet når dei vert eldre. Eit anna eksempel er støtte til pårørande som står i tunge omsorgsoppgåver, komme

tidleg nok inn og avlaste, sikre hjelpemidlar og velferdsteknologi. Styrke kommunane i dette arbeidet slik at det vert mogleg å prioritera dette arbeidet.

### **Sikre gode pasientforløp der samhandling rundt den einkilde vert sterkare og tettare:**

Det vil verta viktig med møteplassar tverrfagleg, mellom helseføretak og kommunar, ikkje tilfeldigheit. Det bør byggjast eigne samarbeidsarena som har særdeles fokus på innovasjon innan teknologi og samhandlingsforløp. Det bør verta gitt eigne midlar til dette.

KS sitt arbeid med Gode pasientforløp er døme på eit kvalitetsforbetrings arbeid. Her under tema som pasientsikkerheit, velferdsteknologi, ABC demens, ressursssjukepleiarnettverk, demenskoordinator, kreftkoordinator og fysioterapi og ergoterapitenester. Dette må styrkast og arbeidast vidare med.

### **Demens tilbod lokalt**

Om lag 101 000 personar lever med demens i Noreg i dag. Det forventast ein dobling innan år 2050 ( Folkehelseprofilen frå FHI). Her er det viktig å sjå vidare på meir avlastningstilbod, sjå på aktivitetstilbod og styrke kommunane i tilrettelegging for dagtilbod der ektefelle kan stå i arbeid. Tilbod som gjev brukar meistring og livskvalitet, og ikkje oppbevaring. Til dette arbeidet må ein sjå på eigne midlar for å styrka dette arbeidet. Til dømes prosjektmidlar til å skapa tverrfaglege team i kommunane, og mellom kommunane og helseføretaka. Det bør og leggast til rette for fleire ambulante team knytt til demens. Der dei kjem ut til kommunane i ei kartleggingsfase.

---

## **069/22: Eldremelding - del av kommunedelplan for helse og omsorg**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

1. Revidering av eldremeldinga frå 2010 vil inngå som ein eigen del av kommunedelplan for helse og omsorg.
2. Kommunedelplan for helse og omsorg vil verta ei prioritert planoppgåve i 2022 og 2023.

### **01.09.2022 FORMANNSKAPET**

Konstituert kommunalsjef Kim André Vangberg orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga. Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug la til at det er mange planar i arbeid, og viktig å samkjøra fleire planar.

Inger Lise Brekke (H) sa at det også gjer informasjonen lettare tilgjengeleg, for både politikarar og innbyggjarar. Må sjå ting i heilskap.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa at det er fornuftig å sjå planane i samanheng.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

### **FS - 082/22 - 01.09.2022 - Vedtak:**

1. Revidering av eldremeldinga frå 2010 vil inngå som ein eigen del av kommunedelplan for helse og omsorg.
2. Kommunedelplan for helse og omsorg vil verta ei prioritert planoppgåve i 2022 og 2023.

## **15.09.2022 KOMMUNESTYRET**

Konstituert kommunalsjef for helse og omsorg, Kim André Vangberg, orienterte om saka jamfør saksutgreiinga.

- Vil no dra i gang arbeid med kommunedelplan for helse og omsorg, der ein samordnar fleire eksisterande planar for å sjå heilskapen i dette.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa at det er viktig å så samla desse planane, og at ein samstundes gjer dei tilgjengelege digitalt, slik at dei er lettare å ta i bruk.

Handsaming i kommunestyret:

Kommunedirektøren sitt framlegg vert samrøystes vedteke

### **KS - 069/22 - 15.09.2022 - Vedtak:**

1. Revidering av eldremeldinga frå 2010 vil inngå som ein eigen del av kommunedelplan for helse og omsorg.
  2. Kommunedelplan for helse og omsorg vil verta ei prioritert planoppgåve i 2022 og 2023.
- 

## **070/22: Eigarskapsmelding 2022-2024**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

1. Eigarskapsmelding 2022 – 2024 for Austrheim kommune, vert godkjent.
2. Kommunen sine reglar for eigarstyring, samt eit oversyn over selskap kommunen har eigarinteresser i, skal gjerast lett tilgjengeleg på kommunen si heimeside.

## **01.09.2022 FORMANNSKAPET**

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Eigarskapsmeldinga vert gjort tilgjengeleg på heimesida.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at det må rettast om eigardel Aufera, der også Fedje er inne.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at det er veldig informativt med informasjonen om dei ulike selskap der ein eig.

Ordføraren refererte vedtaket.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

### **FS - 081/22 - 01.09.2022 - Vedtak:**

1. Eigarskapsmelding 2022 – 2024 for Austrheim kommune, vert godkjent.
2. Kommunen sine reglar for eigarstyring, samt eit oversyn over selskap kommunen har eigarinteresser i, skal gjerast lett tilgjengeleg på kommunen si heimeside.

## **15.09.2022 KOMMUNESTYRET**

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Per Lerøy sa at det var ei god og oversiktleg eigarskapsmelding.

Handsaming i kommunestyret:

Kommunedirektøren sitt framlegg vert samrøystes vedteke

## **KS - 070/22 - 15.09.2022 - Vedtak:**

1. Eigarskapsmelding 2022 – 2024 for Austrheim kommune, vert godkjent.
2. Kommunen sine reglar for eigarstyring, samt eit oversyn over selskap kommunen har eigarinteresser i, skal gjerast lett tilgjengeleg på kommunen si heimeside.

---

## **071/22: Garanti for lån til Austrheim Kommunale Eigedomsselskap AS**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

1. Austrheim kommunale eigedomsselskap AS (org.nr. 931 722 921) (AKE) overtek dei kommunale bustadane til marknadstakst. For å finansiere dette oppkjøpet tek eigedomsselskapet opp eit lån på kroner 51,6 millionar kroner for å finansiere dette oppkjøpet.
2. Austrheim kommune garanterer med sjølvskuldargaranti for lån på maksimalt 51,6 millionar kroner for Austrheim kommunale eigedomsselskap AS (org.nr. 931 722 921) (AKE) sitt låneopptak med tillegg av 10 % av til ein kvar tid gjeldande hovudstol til dekning av eventuelle renter og omkostningar. Kommunen sitt maksimale garantiansvar skal ikkje overstige kroner 56 760 000,-
3. Garantiansvaret vert redusert i takt med nedbetalinga av lånet og opphøyrer etter 30 år med tillegg av inntil 2 år, jf. garantiforskriftenes § 3.
5. Garantien er gyldig frå utbetalingsdato og i 32 år.
6. Garantien må godkjennast av Statsforvaltaren før den er endeleg godkjent, jf. kommunelova § 14-19.
7. Austrheim kommune skyt inn 8 millionar kroner i Austrheim kommunale eigedomsselskap for å styrkja eigenkapitalen i selskapet, i tillegg vert delar av desse midlane nytta til å skifte ut kloakken i Vestlia.
8. Av salsbeløpet frå sal av eigedomane blir det sett av med 25 millionar til investering fond for utbygging av skulane. Dei resterande midlane blir nytta til ei ekstraordinær betaling av lån tilhøyrande Austrheim kommune.
9. Det vert etablert eit avtaleverk som regulerer samhandlinga mellom Austrheim kommune og Austrheim kommunale eigedomsselskap.

## **15.09.2022 KOMMUNESTYRET**

Økonomi- og personalsjef Odd Harald Dommersnes orienterte om saka, jamfør saksframlegget. Ordførar Per Lerøy (Ap) spurte om finansieringa var på plass, her svara Dommersnes at det er gjort refinansiering av fleire lån. Dette selskapet ligg an til å få 3,1 prosent rente, det er bra på slike langsiktige lån som dette.

Handsaming i kommunestyret:

Kommunedirektøren sitt framlegg vert samrøystes vedteke

**KS - 071/22 - 15.09.2022 - Vedtak:**

1. Austrheim kommunale eideomsselskap AS (org.nr. 931 722 921) (AKE) overtek dei kommunale bustadane til marknadstakst. For å finansiere dette oppkjøpet tek eideomsselskapet opp eit lån på kroner 51,6 millionar kroner for å finansiere dette oppkjøpet.
  2. Austrheim kommune garanterer med sjølvskuldnargaranti for lån på maksimalt 51,6 millionar kroner for Austrheim kommunale eideomsselskap AS (org.nr. 931 722 921) (AKE) sitt låneopptak med tillegg av 10 % av til ein kvar tid gjeldande hovudstol til dekning av eventuelle renter og omkostningar. Kommunen sitt maksimale garantiansvar skal ikkje overstige kroner 56 760 000,-
  3. Garantiansvaret vert redusert i takt med nedbetalinga av lånet og opphøyrer etter 30 år med tillegg av inntil 2 år, jf. garantiforskriftenes § 3.
  5. Garantien er gyldig frå utbetalingsdato og i 32 år.
  6. Garantien må godkjennast av Statsforvaltaren før den er endeleg godkjent, jf. kommunelova § 14-19.
  7. Austrheim kommune skyt inn 8 millionar kroner i Austrheim kommunale eideomsselskap for å styrkja eigenkapitalen i selskapet, i tillegg vert delar av desse midlane nytta til å skifte ut kloakken i Vestlia.
  8. Av salsbeløpet frå sal av eideomane blir det sett av med 25 millionar til investering fond for utbygging av skulane. Dei resterande midlane blir nytta til ei ekstraordinær betaling av lån tilhøyrande Austrheim kommune.
  9. Det vert etablert eit avtaleverk som regulerer samhandlinga mellom Austrheim kommune og Austrheim kommunale eideomsselskap.
-